



Mange av prisane på dette laget gjekk til uskedalsspelarar. Her frå ei trening før sesongen.

Sist helg arrangerte Rosendal turnlag fotballfest for damelag og herrelag og apparatet rundt desse laga. Eit fast innslag på desse festane er utdeling av prisar som har utmerka seg på ulike måtar gjennom sesongen. Sju spelarar frå damelaget til Rosendal/Trio mottok prisar, og alle med unntak av ein prismottakar kom frå Uskedalen.

Kari Bråtun fekk med seg to av desse prisane. I tillegg till at ho vann den aller gjevaste då ho vart kåra til Årets spelar, fekk ho også den viktige prisen for beste treningsframmøte. Den siste måtte ho dela med to andre uskedelingar, Andrea Albrethson og Anita Simensen. Desse tre hadde vore på like mange treningar og vart overrekket statuett med namn og Beste treningsframmøte 2018 inngravert. I tillegg vart følgjande prisar utdelt til damelagspelarar:

- Årets toppscorar: Ingeborg Ljostveit.
- Årets mest framgangsrike spelar i løpet av sesongen: Thea Soltveit Taranger.
- Årets nykommar: Silje Soldal

Dermed gjorde uskedalsdamene mest reint bord, og det viser at dei har vore sentrale på laget gjennom sesongen. Det har også vore uskedelingar på herrelaget, men her gjekk prisane til andre. Desse var:

- Årets spelar: Frank Mehl
- Beste treningsframmøte: Abdu Yassin
- Årets forbilde: Anders Saghaug
- Toppscorar: Kenneth Gjuvslund og Tord Guddal
- Mest framgangsrike spelar: Torbjørn Næs

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Tor Gundersen